

Austebygd ser framover

Rett før brua til Austrheim, heilt nord i gamle Radøy finn du vakre Austebygd. Forbi oss går vegen mot Knarvik for dei frå Fedje og Årås. Snart ventar det ny veg for oss og desse, og me kan gleda oss over mindre trafikk forbi hus, folk og fe.

I bygda har me grendalag, grendahus og triveleg butikk som grendafolket eig. Me har samfunnshus og samfunnsengasjement. Kulturlandskap, fellesskap, vennskap og forvitenskap. Me har barnehage og skule basert på ein kjempesmart idé; Felles drift som sikrar effektivitet og kvalitet. Kvalitet kan me lesa av elevane sine positive svar i elevundersøkingane.

Bygda har reist ei kyrkje, ja faktisk reist å henta ei kyrkje frå Amerika. Som om ikkje det var nok, har fleire amerikanske hus vorte henta til Sletta og Museumssenteret der. Her står dei, for å letta på læringa vår om historia til nordmenn som utvandra.

Me har krigsheltar som vert hedra, 17.mai tog som vert leda fram av borna sitt korps. Me har turstiar med utkikspllassar, campingplass og det ryktast om ein ny badeplass.

Kan det bli betre?

Ja, slike kvalitetar og ressursar i ein utkant av *nye-kommunen* bør me ta vare på, og sikra høve til å ta *heile kommunen i bruk*.

Austebygd grendalag ønskjer med denne korte presentasjonen at det vert sett i gang arbeid med områdeplan for bygda vår. Me meiner det er naturleg at eit slikt forslag kjem no, fordi den nye vegen vil opna for nytenking, nytt areal og gjera området meir interessant. Bygda vil gjerne bidra til ei vitalisering av nordre del av kommunen.

Austebygd grendalag